

Bygdabladet

for BOKN



Sjå s. 10



Samarbeid om kundemottak gir meir opningstid. Les meir s. 3



Coop Bogn med god omsetningsauke i 2006
Les meir s. 8



Sjølvlaga Ferrari
Les meir siste side.



Samarbeid om kundemottak gir meir opningstid

Reidar Alvestad



Det var rett før jul at ordførar Svein Ove Alvestad og regionbanksjef Inge Reinertsen i SR-Bank skreiv under på ein avtale om samarbeid mellom Bokn kommune og SR-Bank.

Felles inngangsparti

Samarbeidet vil mellom anna innebera at nåverande banklokale i Boknatun skal kjøpast av Bokn kommune. Deretter skal banken betala husleige til kommunen. Det er alt ferdige teikningar som viser at deler av lokala skal brukast til framtidig NAV-kontor (arbeids- og velferdskontor).



Samarbeidsavtalen vart underskriven den 20.12.07. Frå venstre: Regionbanksjef Inge Reinertsen i SpareBank 1 SR-Bank og ordførar Svein Ove Alvestad. Til høgre sit leiar av bankrådet i SpareBank 1 Bokn Gunn Grønnestad.

5 dagar i veka mot 4 i dag. Bankkunder har i stor grad gått over til å nytta nettbaserte tenester, og det var fare for ytterlegare nedskjæring av opningstid i banken. Men så dystre framtidsutsikter for banken lika heller ikkje bankrådet, og kom med nye forslag til løysingar. Til slutt blei det full klaff. For kommunen sine kunder kan det felles mottaket hjelpe publikum med skjema, generelle saker som har vore til behandling osv.

Ikkje samanblanding og innsyn


Sjølv om det skal samarbeidast om publikumsmottaket, blir det sjølv sagt ikkje slik at kommunalt tilsette får innsyn i bankkunder sine økonomiske forhold til banken, eller at banktilsette får innsyn i konfidensielle kommunale saker. Kunder vil framleis bli vist vidare i systemet anten det gjeld kommune eller banktenester.

Ved dette samarbeidet får dei som i dag arbeider i servicetorget frigitt tid til andre oppgåver. Dei får sine kontor i tilknytning til det nye felles servicetorget.

NAV og kultur

Innan utgangen av 2009 skal innbygarane i alle kommunane i Rogaland ha tilgang på arbeids- og velferdstenester i nye NAV-kontor. Det vil seia tenester som ein tidlegare fekk i arbeidskontor, trygdekontor og sosialkontor.

Når ombygginga i bankbygget er ferdig, skal sosial- og trygdekontor flytta inn i nye kontor i tilknytning til kundemottaket. Her vil det også bli eit areal kor publikum kan nytta PC til jobbsøking, finna skjema osv. det blir såleis ei samlokalisering av kommunen sitt servicetorg, NAV og bank. Sosialkontor, trygde- og arbeidskontor har alt i lengre tid hatt eit systematisk samarbeid. Inntil NAV Bokn blir realisert, vil ein halda fram med dette samarbeidet.



Det resterande arealet skal vera publikumsmottak både for bank og kommune pluss andre kontor for dei to samarbeidspartnarane. Sjølve inngangspartiet vil bli romslegare. Dette saman med sjølvopnande dører vil gjera det enklare for funksjonshemma og andre å koma inn og ut av det nye servicetorget.

Det vil bli sentralbord og felles publikumsmottak både for bank og kommunale tenester. Ved at kommunen hadde ledig stilling, kjøper dei kundemottak og sentralbordteneste frå banken.

Slik kan banken etter at ombygginga er ferdig ha opningstid

Kulturkontoret vil også ligga i nær tilknytning til det nye fellesarealet.

Ombygging

Så snart det let seg gjera, vil ombygginga ta til. På grunn av travle tider i bygningsbransjen, tar det tid å få levert byggematerialer og varer til bygningsbransjen, så ein har ennå ikkje dato for oppstart.

Bygdabladet vil koma tilbake med informasjon om dette. Det er firmaet Bygg og Prosjektpartner AS som skal utføra arbeidet. Dette firmaet hadde også den siste utbygginga på vestre del av Bokn skule.



RDFØRAREN RDET

Sjølv om det er noko seint så vil eg ønske alle godt nytt år!

Ut på tur

Det er vanskeleg å få eksakt oversikt over antal tur-gåarar som har skrive seg opp i boka på Boknafjellet i 2006. Dette kjem av litt rot og feilføringar med tal, men tradisjonen tru har me trekt ut to vinnarar av eit krus frå Bokn kommune.

Denne gong blei det Tobias Ytreland Øvrebø og Augustin Thuestad. Me gratulerer!

Det er gledeleg at mange tar turen til Bokn for å nyte utsikten og ta seg ein tur ut i friluft.

Tannlege og lege

Etter endeleg å ha fått tannlege på Bokn igjen var det svært skuffande og overraska at me rett etter nyttår fekk brev frå Fylkestannlegen om at han vil leggja ned tannklinikken på Bokn, saman med tre andre. Det er to argument som blir brukte og det er økonomi og vanskar med å få tannlege til Bokn.

Me tok straks saka opp med Fylkestannlegen og fekk avtalt møte med han.

På møtet kom me fram til ei løysning som sikrar tannlege ut 2007. Det er ei forutsetning at styret for Tannhelse Rogaland godkjenner løysinga.

Nå blir det arbeidd mot Rogaland fylkeskommune for å sikra ordninga også etter 2007.

Ein viktig føresetnad for å ha eit tannlegetilbod på Bokn er at der er tannlegar som vil arbeide her, og det vil nok bli den store utfordringa framover.

Når det gjeld legetilbodet ser det endå vanskeligare ut. Til nå har ein ikkje lykkast å få aktuelle søkarar til stillinga, men ein arbeider fortsatt, både innanlands og utanlands, for å få ei løysing.

Positiv utvikling

Interessa for Bokn til etablering av bedrifter og busetting er større enn på lenge. Folketalsutviklinga for 3. kvartal viser ei positiv og fin utvikling, får håpe det også er tilfelle pr. 1/1.

Det opplevde me og rundt år 2000, men då fekk me ein tildels kraftig tilbakegang etterpå, noko det kan sjå ut til at me kanskje ikkje skulle få nå.

Det er svært godt at Bokn opplever positiv utvikling nå når Norge og Rogaland går som det suser. Hadde me hatt ein tilbakegang eller stagnasjon i desse gode tidene hadde framtidsutsiktene vore mykje verre.

Den positive utviklinga viser at Bokn er blitt eit alternativ for folk som vil etablere seg med bustad eller bedrift. Bokn begynner å bli meir kjende, andre veit om oss og ser på Bokn som ein kjekk og god plass å bu. Det er gledeleg.

I og med at me har vore gjennom kommunesamanslåingsprosessen og nå arbeider godt med prosjektet "Kjekt på Bokn", og den positive utviklinga ellers i kommunen, føler eg at me har fått ein litt ny giv for Boknasamfunnet, kor me ser mange muligheter og vil få noko til å skje på Bokn.

Eit slikt engasjement er heilt nødvendig for små lokalsamfunn som Bokn i ei verd kor sentraliseringa går sin gang.

Dette engasjementet gler meg og eg vil arbeide for at kommunen vil støtte opp om dette og "smøre" arbeidet med dei ressursene kommunen har.

Eg ser fram til eit aktivt år.

Svein Ove

Frå formannskapsmøtet 16. januar

Sak 003/07

KOMMUNALBANKEN - LÅN NR. 20020825

Formannskapet sitt vedtak:

Rådmannen si innstilling om behandling av berekna overkurs ved innfriing av fastrentelån i Kommunalbanken blei samrøystes vedtatt med tillegg av ei forutsetning om at det forlikte beløpet ikkje skal vere renteberande eller indeksregulert i perioden fram til innløysingstidspunktet.

Sak 004/07

OMBYGGING 1. ETAGE BOKNATUN.

Formannskapet sitt vedtak:

1. Rådmannen får fullmakt til å inngå kontraktsforhandlingar med lågbydar "Bygge & Prosjektpartner AS", Kolbeinsen Elektro og Tonjer Media AS.
2. Kostnadsramma for prosjektet settes til totalt (nto) kr 1.039.500,-
3. Rådmannen får fullmakt til å starte opp og gjennomføre prosjektet innanfor vedtatt kostnadsramme.
4. Rådmannen forhandlar med SR-Bank 1 om finansiering av datagolvet.

Vedtatte kommunale avgifter

Kommunale avgifter	2006		2 007	2007
(sats pr. år der ikkje anna er oppgitt)	netto	endring	netto	(inkl. mva)
Slamavgift	480	3 %	494	618
½ slamavgift	240	3 %	247	309
¼ slamavgift	125	3 %	129	161
½ slamavgift 8m3 tank	340	3 %	350	438
Slamavgift 12m3 tank	680	3 %	700	876
Slamavgift 6m3 tank	440	3 %	453	567
Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner	sjølvkost			
Feiing 1 pipe (pr. feiing)	216		216	270
Feiing 2 piper (pr. feiing)	432		432	540
Renovasjonsavgift	1649	3 %	1 699	2124
Hytte renovasjon	825	3 %	849	1062
Kloakkavgift inntil 250	1805	3 %	1 860	2325
Kloakkavgift Hytte	900	3 %	927	1158
Tilknytningsavgift kloakk	20000		20 000	25000
Tilknytningsavgift vann	20000		20 000	25000
vannavgift bolig	2498	4 %	2 598	3247
Vannavgift gardsbruk	3998	4 %	4 158	5197
Vannavgift hytte	1246	4 %	1 296	1620
innstallasjon av vannmålar	500	4 %	520	650
Fast abn.gebyr vatn (vannmålar)	970	4 %	1 009	1261
Forbruksgebyr vatn pr.kbm	5,83	4 %	6,06	8
Leige av vannmålar tom 25mm	250	4 %	260	325
Leige av vannmålar 25-50mm	500	4 %	520	650
Leige av vannmålar 51-150mm	900	4 %	936	1170
Leige av vannmålar større enn 150mm	4000	4 %	4 160	5200
Saksbehandling	2006	endring	2 007	(ingen mva)
Oppmålingsgebyr (justert ihht. Tysvær)				
<i>Kart og delingsforretning ved grensejustering</i>				
0-300m2	3228	6,01 %	3 422	
301-1000m2	5418	6,04 %	5 745	
1001-2000	7505	6,01 %	7 956	
<i>Kart og delingsforretning utbygging</i>				
0-2000m2	8965	6,01 %	9 504	
2001-4000m2	11259	6,00 %	11 935	
4001-6000m2	13343	6,02 %	14 146	
6001-8000m2	15428	6,02 %	16 356	
8001-10000m2	17515	6,01 %	18 567	
Areal over 10da, tillegg pr. påbegynt da	201	5,97 %	213	
<i>Kartforretning over grenser</i>				
sidelengd 0-50,00 m	2604	5,99 %	2 760	
sidelengd 50,01- 100 m	4377	6,01 %	4 640	
sidelengd over 100m, tillegg pr. 100m	2187	5,99 %	2 318	
Antal grensepunkt - inntil 2	3855	6,02 %	4 087	
antal grensepunkt - inntil 3	4685	6,02 %	4 967	
grensepåvisning - inntil 2 grensepunkt	2604	5,99 %	2 760	
grensepåvisning - inntil 3 grensepunkt	3228	0,50 %	3 244	
Antal grensepunkt - tillegg pr.punkt over 3	642	-6,85 %	598	
Kartforr. Over punktfaste m/merking/oppmåling	4792	6,01 %	5 080	
Kartforr. Over punktfaste u/merking/oppmåling	2604	5,99 %	2 760	
Gebyr for mellombels forretning	1054	5,98 %	1 117	
I enkelte saker kan gebyret bli redusert, dette er spesifisert i gebyrreglementet for teknisk.				

og eigenandelar for 2007

Registreringsbrev				
Tinglysingsgebyr				
Tomt				
	2006	endring	2 007	(ingen mva)
Gebyr for byggesaker				
Hytte/fritidsbolig	2000	3 %	2 060	
Hytte/fritidsbolig-tilbygg som krever byggetill.	1200	3 %	1 236	
§81 Driftbygninger i landbruket med husdyrrom	1200	3 %	1 236	
Landbruksgarasje	800	3 %	824	
§85 Midlertidige eller transportable bygninger eller anlegg, herunder campingvogner	800	3 %	824	
§86a Mindre byggearbeid på bolig eller fritidseiendom	800	3 %	824	
Garasje og uthus, naust redskapshus som krever byggetillatelse	1200	3 %	1 236	
Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off bygg mv.	4000	3 %	4 120	
Tilbygg til andre bygg som krever byggetill.	2000	3 %	2 060	
Alle tiltak som omfattes av lovens § 84 og 93 og som ikke fanges opp av andre punkter i regulativet	600	3 %	618	
Enkle tiltak	75% av ord. gebyr		75% av ord. gebyr	
Fradeling	800	3 %	824	
Bruksendring	800	3 %	824	
Saksbehandling knyttet til bruksendrings-spørsmål. Behandling av bygningsmessige forandringer faktureres separat.	800	3 %	824	
Behandling og godkjenning av ansvarsrett for foretak med sentral godkjenning	200	3 %	206	
Godkjenning av foretak uten sentral godkj.	600	3 %	618	
Private reguleringsplaner, vesentlige reguleringsendringer og bebyggelsesplaner. Annonsekostnader er ikke medregnet.	10000	3 %	10 300	
Mindre vesentlig reguleringsendring	4000	3 %	4 120	
Tiltak som krever dispensasjon	3000	3 %	3 090	
Beh. av utslipssaker/rehab. av anlegg	800	3 %	824	
Dokumentavgift	25 %		0	
Bygdablad	2006		2 007	2007
	netto		netto	(inkl. mva)
Abonnement	300		325	
Annonse: 1/8 side	100		100	125
Annonse: halvside	300		300	375
Annonse: heilside	500		500	625
Annonse: kvartside	150		150	187,5
Privatannonse	30		50	62,5
Fastann.etter avtale				

Framhald på neste side

Vedtatte kommunale avgifter

Framhald

Barnehage				
11 betalingsterminar ny sats fra 1.8.07	2006	endring	2 007	ingen mva
Heildag - 5 dg/veke	2250	3,56 %	2 330	
Heildag - 3 dg/veke	1350	3,56 %	1 398	
Heildag - 2 dg/veke	900	3,56 %	932	
Kost 5dg/veke	175	0,00 %	175	
Kost 3 dg/veke	105	0,00 %	105	
Kost 2 dg/veke	70	0,00 %	70	
Diverse sal	2006	endring	2 007	ingen mva
Bygdabok pr. bind.	400		450	
CD v/Spurkeland	150		150	
Boknaspenna nål / smykke	1 100,- /1.400,-		1 100,- /1.400,-	
Krus	75		75	
Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter)	50		50	
Kopiar ant. 1-10	2		2	
Kopiar ant. 10-30	1,5		2	
Kopiar ant. 30-60	1,2		1	
Kopiar ant. 60-100	1		1	
Kopiar ant. 100-200	0,9		1	
Kopiar ant. 200-500	0,75		1	
Kopiar ant. Over 500	0,65		1	
Kopier (farga)	5		5	
Musikkskulen	2006	endring	2 007	ingen mva
Einetime (22,5 min)	600	4,00 %	624	
Einetime (30 min.)	900	4,00 %	936	
Instrumentleige	220	4,09 %	229	
Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet.				
Søskenmoderasjon barnehage 50% (på rimelegaste tilbud)				
Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage)				
SFO				
10 betalingsterminar ny sats frå 1.8.07	2006	endring	2 007	ingen mva
Heil plass skuledagar	1653	2,78 %	1 699	
Heil plass skuledagar + skulefridagar	2358	2,80 %	2 424	
Skulefridagar	784	2,55 %	804	
5 dg/u. Før skulestart	443	2,48 %	454	
5 dg/u Frå skuleslutt til 1410	507	2,56 %	520	
5 dg/u Frå 1410 til 1630	887	2,48 %	909	
3 dg/u. Før skulestart	266	2,63 %	273	
3 dg/u Frå skuleslutt til 1630	532	2,44 %	545	
2 dg/u. Før skulestart	177	2,26 %	181	
2 dg/u Frå skuleslutt til 1630	355	2,54 %	364	
Frukost alle dagar	156	0,00 %	156	
Frukt alle dagar	74	0,00 %	74	

og eigenandelar for 2007

	2006		2 007	
Pleie og omsorg				ingen mva
Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane som Stortinget vedtar.		Maksimalt vederlag pr. år		
Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2005 (forutsetning for vederlagsberekninga)	1234		1 066	
Dag/natt opphald	59	0 %	59	
Døgn opphald	118	0 %	118	
Heimehjelp timar inntil 2 G	34	1 800,00	36	
Heimehjelp timar 2G-3G	40	6.000,00	42	
Heimehjelp timar over 3G	58	9.000,00	60	
Middag	45	11,11 %	50	
Middag dagsenteret	45	11,11 %	50	
Husleigeinntekter				
Husleiga på kommunale bustader vert indeksregulert 1.10.03 med konsumprisindeksen				ingen mva
Husleiga på omsorgsbustader er vedtatt uforandra inntil vidare.				

Kulturkortet

Jardar Havikbotn

Du får tak i det i SpareBank 1 SR-Bank Bokn.

Nå kan dei mellom 16 - 20 år vera "der det skjer" litt oftare enn før. For med Kulturkortet kostar kino, fotballkampar, konsertar og andre kulturarrangement plutselig berre kr. 50.

I følge Rogaland fylkeskommune, som er den stolte eigar av kortet, er dette rett og slett billig moro. Rett nok kostar Kulturkortet kr. 200 i halvåret, men for kulturhungrige ungdommar skal det lite

til for at dette blir tent inn.

Kortet kan etterkvart brukast på over 30 stader.

Her finn me lokalt m.a.

Edda kinosenter, Haugesund
Festiviteten Haugesund
Haugesund billedgalleri
Haugesund fotballklubb (FKH)
Haugesund Teater
Karmøy kino
Karmsund folkemuseum
Byscenen, Haugesund
Nordvegen historiesenter
Tysværtunet kulturhus

Sør for Boknafjorden gjeld kulturkortet t.d. på:

Kino1 Stavanger
Rogaland teater

Stavanger konserthus
Stavanger symfoniorkester
Viking fotball

Intensjonen er at ungdom mellom 16 og 20 år lettare skal få høve til å nytta seg av eit breitt kulturtilbod og oppdaga nye kulturuttrykk. Rogaland fylkeskommune har ansvar for drift og vidlikehald. Kortet er i hovudsak finansiert av dei, men staten v/Kultur- og kirkedepartementet har også bidratt med midlar.

Dei som ikkje kjem seg i banken i Bokn kan få kortet ved å gå inn på www.kulturkortet.no og klikka på den runde, rote-rande knapp, merka "bestill kort".

Informasjon frå seksjon teknisk

Leiar for teknisk seksjon, Hans Faye, går ut i permisjon frå og med 20. februar og ut året for arbeid i annan kommune.

I denne perioden vil seksjonen vere bemanna 2 dagar i veka av **Bernt Østnor** som er innleid frå Norconsult i Haugesund. Han vil primært

arbeide med planoppgåver.

Unni Høvik vil vere tilstades an-nakvar veke på full tid og fortsatt ha ansvaret for byggesaker.

Hans Faye vil ha 1 arbeidsdag i Bokn pr. veke.

Seksjonen vil ha redusert kapasitet

i denne perioden. Publikum blir anmoda om å avtale tid på førehand med saksbehandlar for konsultasjonar.

Servicetorget vil ellers formidle beskjeder dersom saksbehandlar ikkje skulle vere tilstades.

Coop Bokn med god omsetningsauke i 2006

Reidar Alvestad

Total omsetning ved Coop Bokn i 2006 var på 18,9 mill. kroner. Det er ein auke på 1,7 mill. kroner i forhold til året før.

Forventa auke

Ved at Alvestad Handel vart nedlagd i august 2005 måtte ein forventa ein rimeleg bra auke i omsetninga både i 2005 og 2006 ved Coop Bokn. Dette har også skjedd. Dei ovannemnde tala gjeld total omsetning. Men det er særleg daglegvarer som har hatt ein stor



Coop Bokn er frå 01.01.07 innlemma i Coop Haugaland. Arbeidet med oppgradering av uteområdet er i gong. Det vil også skje endringar og oppdatering innvendig etter kvart.

auke, faktisk betydeleg større prosentvis auke enn totalomsetninga. I 2005 var daglegvareomsetninga på

Coop Haugaland har hatt dialog med kunder ved Coop Bokn om kva dei synest om butikken, og kva dei forventar i tida som kjem. Det er kome gode tilbakemeldingar, men også forslag til forbetringar som skal vurderast gjennomført. Noko er muleg å gjera på kort sikt, andre ting over tid. Butikken skal framleis ha eit visst utval av varer utanom daglegvarer, slik at dei kan tilfredsstilla etterspurnad på varer det er ei viss omsetning på.


Når det gjeld oppdatering av uteanlegg og å gjera tilkomsten meir attraktiv sjøvegen, er dette noko ein arbeider med. Det er alt gjort avtaler i forhold til entreprenør.

Boknar blir ny dagleg leiar

Tor Harald Alvestad er tilsett som ny dagleg leiar. Han vil overta etter Annbjørn Sunde som skal gå av til våren. Annbjørn Sunde seier han håpar at den nye daglege leiaren kan koma så tidleg at dei får ei "overlapping" før han sluttar.

Sjølv seier Tor Harald Alvestad til Bygdabladet at han har 1. mai som startdato. Dersom dei får folk i stillinga han nå sluttar i tilsett tidlegare, kan det kanskje bli i april.

Den nye daglege leiaren seier at planen er at kai - anlegg og bunkring for småbåtar skal vera ferdig til



Skissa viser korleis kaianlegg med pumper skal sjå ut når det er ferdig til sommaren. Det ligg nord-vest for butikken. Det er også teikna inn nytt inngangsparti nord for butikken.

11,1 mill. kroner. I 2006 auka dette til 12,9 mill. kroner, det vil seia ein auke på 1,8 mill. kroner. Både styrar Annbjørn Sunde ved Coop Bokn og administrerande direktør Tore Klovning ved Coop Haugaland seier til Bygdabladet at dei gleder seg over den fine utviklinga ved butikken i Bokn.

Dialog med kunder

sommarsesongen. I og med at butikk og bunkringsanlegg for båtar i Gismarvik er nedlagt, burde eit nytt slikt anlegg i Førsvik bli meir attraktivt for mange småbåteigarar i området, eller for slike som er på tur gjennom distriktet.

Sommarmarknad

Tor Harald Alvestad har tidlegare jobba 5 år ved Alve-

stad Handel før han begynte hos Hennig-Olsen kor han også har vore tilsett i 5 år. Han ynskjer nå til sommaren å ta opp igjen tradisjonen med sommarmarknad i Bokn, men nå blir det ved butikken i Føresvik.

Utanom småbåtanlegget, trur ikkje den nye daglege leiaren at det blir tid til så mykje endringar innvendig før sommaren. Men til hausten vil dei ta fatt på det innvendige og sjå på kva som kan gjerast av oppgraderingar. Dei vil også ha ein gjennomgang og vurdering av vareutvalet, og prøva å få butikken til å framstå som oversiktleg og grei for kundene.

Konkurrentar

Det har tidlegare versert fleire oppslag i lokalavisa om



Arbeid på området for småbåtanlegg i vest er alt påbegynt.

ny butikk ved vegkrysset på E39 til Tysværåvåg. Det er ennå ikkje sett opp noko bygg her, men det kan vel koma. Inntil vidare er det i alle fall ikkje kome opp noko som kan gi handelslekkasje for Bokn-butikken.

Kommunenyt

Markering for lang tenestetid

Reidar Alvestad

Jan Erik Nygaard, Margunn Are, Hege Sunde og Svanhild Alvestad fekk ved juleavslutninga i Bokn kommune blomar og gratiale for lang tenestetid i kommunen.

15 og 25 år

Kommunestyret har vedtatt at tilsette som har 15 eller 25 års tenestetid i kommunen skal få eit gratiale. Denne gongen vart gratiale utdelt for 15 års teneste til Margunn Are, Hege Sunde og Svanhild Alvestad.



Frå v.: Svanhild Alvestad og Hege Sunde har fått overrekket gåve og blomar av Solrunn Alvestad. Margunn Are var ikkje til stades.

Frå v.: Rådmannen får gåve og blomar overrekket av ordføreren.

Jan Erik Nygaard fekk gratiale for 25 års teneste i kommunen.



Det var heder og gode ord både til dei jubilantane som hadde vore 15 år i arbeid og rådmannen som hadde vore 25 år. Sistnemnde fekk gåve og blomar tildelt av ordførar Svein Ove Alvestad. Han oppsummerte også året som var gått som har vore sterkt prega av kommunesamslåingsdebatten.

Rådmannen hadde også ein gjennomgang av korleis det hadde vore å arbeida i Bokn kommune i så lang tid, og den utviklinga boknasamfunnet og Bokn kommune som arbeidsplass hadde vore gjennom.



Arbeidsløysa går meir ned

Reidar Alvestad

Talet på heilt arbeidslause i Bokn har gått kraftig ned frå desember 2005 til desember 2006. Ved årsskiftet var det 4 heilt arbeidslause heimehøyrande i Bokn mot 21 på same tid i fjor.

Midt på tre

Dette utgjør 1,1% av arbeidsstyrken, og Bokn ligg nå på eit middels nivå samanlikna med andre Rogalandskommunar. Mange kommunar ligg likt

med vår kommune, mange under og ein del ligg over. Gjennomsnittleg arbeidsløysa i Rogaland var i desember 1,4%. Det spørst nå om det er muleg å få arbeidsløysa ytterlegare ned. Tidlegare har ei arbeidsløysa på rundt 3 % ikkje vore rekna for noko høgt tal.

Lita endring i januar

Ved utgangen av januar var arbeidsløysa i Bokn gått opp med 1 person til 1,4%. Samstundes er den gjennomsnittlege arbeidsløysa i fylket gått opp til 1,5%. Altså små endringar.

Mange utfordringar

Talet på heilt arbeidslause gir ikkje eit heilskapleg bilde av arbeidsstyrken. Det finst også oversikter over delvis arbeidslause, og yrkeshemma som er inne i ein periode kor dei er ute av det ordinære arbeidslivet for opptrening, utprøving og opplæring med sikte på å få ei avklaring i forhold til nytt arbeid.

Her er det ikkje nokon nemneverdig endring det siste året, og utfordringane for NAV arbeid (tidlegare arbeidskontor) og dei andre samarbeidspartnarane er store for å få fleire av desse ut i arbeid.

Titt, titt, her e me så blei født i 2006 (alder på bildet)



Henrik Ognøy Våge - 01.04 (8 mnd.)
Solrun Anette Ognøy og Frode Våge



Matilde Skjelde - 07.04 (9 mnd.)
Torunn og Kjell Olav Skjelde



Thea Espeland - 15.04 (8,5 mnd.)
Anja C. Alvestad og Glenn F. Espeland



Stian Øvrebø - 11.05 (4 mnd.)
Catharina Ø. Langhout og Harald Øvrebø



Trym Karoliussen - 22.05 (6 mnd.)
June S. Grønnestad og Frank Karoliussen



Tuva Bryningsland - 27.07 (5 mnd.)
Elise M. Tollaksen og Bjørnar Bryningsland




Albert Lindanger - 28.07 (5,5 mnd.)
Henriette S. Lindanger og Kyrre Lindanger




Eiril Wahlgren Lie - 19.09 (8 veker)
Unni W. W. Høvik og Kjell Frode Lie



Shawn Malone - 22.10 (3 mnd)
Mariann og Stevie James Malone



Anna og Anders Larsen - 02.11 (2,5 mnd.)
Kerstin Ingeborg og Jostein Geitung Larsen



Elise Kro Birkeland - 04.12 (5 veker)
Irene Kro og Robert Birkeland

Døde 2006



Einar Sæbø	25.02
Per Nesvik	21.03
Gustav Kjellesvik	25.05
Solveig Søndeland	13.06
Leif Sæbø	25.07
Odd Magne Olaussen	06.08
Solveig Elise Våga	10.09



Me gratulerer!

Emilia Søndeland var 3 år 3. februar og feira dagen på Jøsen og vil gjerne få overraske "Olderbok" Margit Søndeland med et bilde og hilsen i bladet:-)

Takk for sist - kos fra Emilia og resten av gjengen



Vi gratulerer **Marita Lie Alvestad** med 9 års dagen 7. feb.
Ine Wiken med 6 års dagen 8. feb. og **Kristian Lie Alvestad** med 7 års dagen 12. feb.

Hilsen familiene



Me vil gratulera far, svigerfar og bestefar **Helge Nilssen** med 90 års dagen 5. februar.

Me vil også gratulera mor, svigermor og bestemor **Else Nilssen** med 85 års dagen 7. mars.

Klem frå barn, svigerbarn og barnebarn



Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

FEBRUAR

15. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
15. Bokn Næringsforum har årsmøte i Allrommet kl. 20.00
 16. Kino i auditoriet
 18. Gudsteneste kl. 19.00 - Årsmøte etterpå
 veke 8 Vinterferie, Bokn skule
 19. Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset
 20. Kommunestyremøte
 22. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30
25. Ekornspeidar kl. 15.00, møt ved kyrkja
 25. Årsmøte, Bedehuset
 27. Speidarbasar på Bedehuset
28. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
28. Årsmøte i Havnavegen Vel, Allrommet kl. 20.00

MARS

04. Gudsteneste kl. 11.00
 04. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
 05. Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset
06. Årsmøte i Saniteten, Allrommet kl. 19.30
 07.-09. Den indre sjømannsmisjon på Bedehuset
09.-11. Troppstur til Rønningen, arr. speidarane
 11. Den indre sjømannsmisjon på Bedehuset
 13. Formannskapsmøte
 16. Kino i auditoriet
 18. Gudsteneste kl. 11.00
18. NMS-møte, Bedehuset kl. 19.30
 19. Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset
 20. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 24.-25. Korpsseminar på skulen, Bokn skulekorps
 25. Ekornspeidar kl. 15.00 på Boknafjellet
 25. ABR-senteret, Bedehuset kl. 19.30
 27. Konf., Bedehuset kl. 18.15 - 20.00
28. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
 29. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

APRIL

01. Gudsteneste kl. 11.00 - Dåpsskule/konfirmantar
 01. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
 veke 14 Påskeferie, Bokn skule
02. Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset
 05. Frelsesarméen på Bedehuset
 06. Gudsteneste kl. 11.00
 08. Gudsteneste kl. 15.00 - 1. påskedag ute på Ognøy
 10. Formannskapsmøte
 12. Kontaktmøte på Bedehuset

13. Kino i auditoriet
 14.-15. Korpsseminar på skulen, Bokn brass
 15. Gudsteneste kl. 11.00 - Løftefornyelse
 16. Me les i Matteus-evangeliet på Bedehuset
18. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
 19. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
21. Kampen om Vikingskipet, arr. speidarane
 22. Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
 24. Kommunestyremøte
 26. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30
 28. Konf., Bedehuset kl. 10.00 - 14.00
 29. Ekornspeidar kl. 15.00 i Peraliaå
 29. Gudsteneste kl. 19.00 - Ung messe - Samtale-gudsteneste. Fest etter gudstenesta

MAI

- 04.-06. Troppstur til Vågholmen, arr. speidarane**
 06. Normisjonen, Bedehuset kl. 19.30
 08. Formannskapsmøte
 11. Kino i auditoriet
 13. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon
 17. Gudsteneste kl. 10.30
 20. Ekornspeidar kl. 15.00 i Humraparken
 24. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
 27. Gudsteneste kl. 19.00 - 1. pinsedag
 31. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

JUNI

03. Gudsteneste kl. 11.00 - Felles Tysvær-Bokn ute i Loten
 05. Formannskapsmøte
06. Basar på skulen kl. 19.00, arr. Saniteten
 08. Kino i auditoriet
 10. "Øyastemnet" på skulen, arr. Bokn musikkorps
 10. Gidion-møte, Bedehuset kl. 19.30
17. Ekornspeidar kl. 15.00, Eventyrgarden på Are
 17. NLM-møte, Bedehuset kl. 19.30
 19. Kommunestyremøte
 21. Gudsteneste kl. 11.00
 22. Siste skuledag før sommarferien, Bokn skule
23. Kretsmeisterskap i Trial, arr. Bokn idrettslag
23. St. Hans-feiring, Alvestad nærmiljøanlegg, arr. speidarane
 24. Gudsteneste kl. 11.00

JULI

15. Gudsteneste kl. 19.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	ANSVARLEG
Måndag	Fotball G8 og G9 Bokn musikkorps	16.45 - 17.45 18.00 - 22.00	Rannveig Foss/Atle Jøsang Lillian Grønnestad/Jardar Havikbotn
Tysdag	Danseskule	13.15 - 17.30	Wendy Riber
Onsdag	Fotball G7 Fotball J10 og J12 Fotball G13	17.00 - 18.15 18.15 - 19.30 19.30 - 21.00	Roger Jøsang Louis Medhaug Arild Nilssen/Steeven Høyland
Torsdag	Danseskule Fotball G11 Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	14.00 - 17.30 17.30 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Wendy Riber Leif Kjellesvik Rita Jensen Atle Jøsang
Fredag			

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 1 1987

Fin juleavslutning på skulen

Omlag midt i desember kom skuleborna heim med ei fin innbyding til elevar og foreldre om ein enkel juleavslutning m/graust og julekaker.

Dette året skulle det vera litt annleis. Festen skulle vera om kvelden den 18. desember, og me gjekk til fest med glede og forventning. Varmen og julepynten møtte oss i ytterdøra, og då me kom inn i gymsalen vart sikkert mange mållause eit øyeblikk.

I heile den store salen var det dekka på langbord, og pynta med juledekorasjonar og sjølv laga bordkort. Alle veggene var dekorerte med store julefigurar, til scenen var det laga eit stort og vakkert teppe der motivet var fra "stallen i Betlehem" (julekrybbe).

Fleire fine julespel og sketsjar vart viste frå scenen med stort frimod, det

nye barnekoret m. solistar song, det var også grupper som framførte song og musikk. Med enkle ord eit flott program.

Menyen var deilig julegraust og saft, etterpå fekk me kaffi og nybakte julekaker frå skulekjøkkenet. Det var sjølv-sagt mandel i grauten, og premien var ein boks julekaker. I matpausen vart det selt lodd på to kakehus, der pengane ca 3.262 kr. skulle gå til Redd Barna.


Skulestyreformannen takka både lærarar og elevar for den fine festen, og for det veldige arbeidet som var gjort på førehand, med planlegging, arbeid på kjøkken og formingssal og ikkje minst øving til eit stort program. Også ei oppfordring til oss alle om og ta godt vare på dei lærarane me har, som er villige til alt dette arbeidet samen med borna våre. Ei stor takk til lærarar og elevar for den fine festen.

Me gleder oss til jul igjen.
Helsing foreldre

Juleavslutninga på skulen har heldt seg i form og innhald sidan jula 1986!

På kino 16. februar

7 år



Hos keiserpingvinene lykkes du ikke uten en sangstemme.

Det er synd for Mumle, som bare kan steppe. Når matmangel truer, får Mumles fotrappe talent skylda, og han landsforvises. Han må satse alt for å kunne ønskes velkommen tilbake.

En gutt. En drage. Et eventyr.

Eragon, et fantasy-eventyr for ungdom basert på den fenomenalt suksessfulle romanen til Christopher Paolini - den første boken i den unge forfatterens episke "arvetrilogi" - er en tidløs og samtidig moderne fortelling.

11 år



Julekryssord og wordoku

Ingen sende inn løysingssetninga på kryssordet frå desembernummeret.

Det lokale ordet i wordoku'et var **VÅGHOLMEN** og vinnar av ei konfekteske blei **Eli Kro, Kopervik - gratulerer!**

Samtlege fasitar fekk ikkje plass i dette bladet og vil stå i neste.

- redaktøren -



Ang. utsendt vaktliste for vårhalvåret 2007

Desse datoane går ut pga. klubbkveld-arrangement dagen etter:

23. mars - 27. april - 25. mai

- kultursjefen -

Gassferja "Stavangerfjord" i rute på Boknafjorden

Reidar Alvestad

Frå den 24.januar 2007 var den første Gassferja "Stavangerfjord" i rute på Boknafjorden. Det er den første av to gassferjer som om kort tid skal trafikkerastrekninga Arsvågen - Mortavika.



"Stavangerfjord" ved Arsvågen ferjekai den 24.01.07 har lossa og lasta inn bilar som skal over Boknafjorden og er snart klar til avgang.

Store ferjer

Dei to gassferjene som skal gå i Boknafjordsambandet har plass til 212 bilar. Ferjene er 129 meter lange og 19 meter breie. Overfartstida skal vera 22 minuttar, og ferjene vil då

ha 8 minuttar på seg til å bli tømt for bilar og få nye om bord.

Avgang kvar halvtime

Dei nye rutetidene vil ikkje bli starta opp før Boknafjordsambandet har to gassferjer i drift. Ferjeselskapet Fjord 1 vil seinare kunnigjera når dette skjer.

Gassferja "Raunefjord" som skal gå i Sandvikvåg - Halhjem sambandet, vil rundt midten av februar bli sett inn i Boknafjorden inn-til ferja "Mastrafjord" er klargjort til Boknafjordsambandet i mars.

Som ein ser, er oppstarten av gassferjetrafikken forsinka. Opplysningar om når nye ruter kjem, kan ein få ved å gå inn på **www.fjord1.no**

Når dei nye rutene kjem, vil det også bli avgangar over fjorden natt til søndag, noko det ikkje er i dag.

I rute

"Stavangerfjord" glei ved 10-tida stille og roleg inn til ferjelemben i Arsvågen.

Det såg ut til å fungera heilt problemfritt. Sjølv om det ikkje var så mange bilar av og på ferja, gjekk det svært raskt. Under ilandkjøring starta dei også ombordkjøring av bilar frå kaien.

Årets første - og andre

Jardar Havikbotn

To tøffe jenter testa temperaturen i Boknabergsvatnet 1. Januar - og 1. februar

- 6, 7 grader kanskje, hutra Silje Eide (13) og Celina Bokneberg (12), med raude kinn og inntulla i varme handklede etter å ha starta badesesongen 2007.

For badenymfer er det ei fjør i hatten å bada 1. nyttårsdag, eller kanskje me skal seia fjør i topphua, for den var god å ha på seg då dei vassa uti det friske januarvatnet.

Kanskje blir det utebading den første i kvar månad dette året? Vel, vinteren kjem visst i februar, så planane kan forandra seg. Men is på vatnet skremmer ikkje badeentusiastane.

- Då får me bada i sjøen, kjem det raskt frå Celina.

Uansett får dei bada i februar, og det under heilt andre temperaturar. Begge to skal nemleg til sydlege breddegrader i vinterferien.

På god veg

Jentene kan fortelja at dei har bada i kvar månad sidan april 2006. Då er det ikkje lenge att til at det blir ein heilårsaktivitet. Dei mykje omtalte klimaforandringane gjer dette muleg. Dei har i alle fall bak seg ein varm og lang haust, sjølv om det har regna mykje.

Silje kan opplysa om at dei alltid har folk med seg på desse "frydefulle" badeturane.

3,5 grader

Hardhausane heldt ord og var til og med uti to gonger i lett regn 1. februar.

I lufta var det 5,5 grader og i vatnet berre 3,5. Harry Bokneberg målte temperaturen medan Julie Bokneberg og undertekna var vitne til den hutrande gaulinga.



Foto: Anita Bokneberg



Foto: Jardar Havikbotn

Øverst: fv. Silje og Celina fann det tryggast å ha huer på. Nederst: meir vågale 1. februar i kaldare vatn.

Den snart eit år gamle klubben har no bra med utstyr og tilbyr folk frå 13 år å vera med på paintball på Bokn.

Styremedlem Odd Kenneth Tollaksen fortel til Bygdabladet at Bokn Paintball (BP) består av 15-20 aktive medlemmer. BP, som har eigen bane i skogen ved Knarholmen industriområde og høve for innespeling i gymsalen på Bokn skule, inviterer interesserte frå og med 13 år til å spela saman med dei.

Ungdomsskuleelevar må ha med melding frå foreldre, eller at dei føresette er med. I vinter spelar BP Reball så å seia kvar laurdag i gymsalen på skulen.

Ein får leiga alt nødvendig utstyr. 10 komplette utstyrspakker har nemleg BP til leige, etter avtale med klubben, mulegheit for luft og CO2-fylling, sal av ball m.m.

Odd Kenneth oppfordrar folk til å utføra den actionprega sporten enten saman med klubbmedlemmene eller venner/kollegaer. Ta kontakt med eit styremedlem (nederst) for avtale.

boknpaintball.net

For meir informasjon, klikk deg inn på BP si heimeside.

Her er prisane på utleigepakkane:

Paintball utendørs:

Markør m/luft 50 kr. for medlem/100 for ikkje-medlem

Markør m/luft og 200 ball 100 kr. for medlem/150 for ikkje-medlem

Markør m/luft og 500 ball 150 kr. for medlem/250 for ikkje-medlem



Foto: privat

Frå ei Reball-økt i gymsalen.

Bak fv. Jostein Aksdal, Ole Johannes Grønnestad, Marius Sunde, Odd Kenneth Tollaksen og kjetil Vatnaland.

Foran fv. Daniel Dobrev, Didrik Jansen og Jørgen Thuestad

Paintball innandørs Reball NB! Ta kontakt!

Markør m/luft og ubegrensa ball 150 kr. for medlem/250 for ikkje-medlem

Ubegrensa med ball 100 kr. for medlem/150 for ikkje-medlem

Me har også rabattar på grupper over 6 stk (10%) og utdrikkingslag.

Medlemsavgift 500 kr. pr år.

Kontakt ein av oss i styret:

Ole Johannes Grønnestad:	95 29 11 13
Jørgen Thuestad:	41 20 80 81
Odd Kenneth Tollaksen:	93 08 76 79
Daniel Dobrev:	97 07 19 37
Vegar Våge:	48 03 51 82

Takk

Hjarteleg takk til alle som har gjeve penge-gåve til ny oppvaskmaskin på Bedehuset.

Det har til no kome inn ca. 20.000 kr.



Bedehusstyret

Hjarteleg takk for all deltaking ved min kjære far, Idar Havikbotn sin bortgang.

Jardar m/familie



Informasjon om legetenesta

Bokn kommune held fram med samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas.

Som nemnd i siste bygdablad, flytta dr. Fazekas til nytt kontor i 2. etg. i Aksdal Senter i månadsskiftet januar/februar. Hovudinngangen til senteret er ope frå kl. 07.00 om morgonen. Sjølve inngangen til kontoret er ved politistasjonen, opp trappa mellom bokhandelen og sportsbutikken. Det er trappeheis som kan nyttast ved behov.

Opningstid: mandag, onsdag, torsdag og fredag kl. 08.00 – 15.30

Tirsdag er Fazekas på helsestasjonen, men telefonen er betjent av helsepersonell mellom kl. 09.00 og 14.00. (Han kan avhjelpe med resepter eller øyeblikkelig hjelp ved behov)
Mandag er framleis dr. Nemeth vikar.

Telefonnummeret til kontoret er 52 77 77 20.

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbydt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydelegge grunnlaget for drifta ved legekantoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekantoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

Er det elles noko de lurar på når det gjeld lege-ordninga, kan de ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03

Med helsing Gunn Grønnestad

Ledige ungdomsbustader

Det vil bli ledig 2 ungdomsbustader på Øyrenfeltet. Den eine er ledig frå 7. april 2007 og har stove, kjøkken, 2 soverom og innvendig pluss utvendig bod. Husleiga er for tida kr. 3.200,- pr. mnd.

Den andre bustaden er av same storleik, og vil bli ledig frå 15. august 2007. Husleiga er også her for tida kr. 3.200,- pr. mnd.

Søknadsfristen er 1. mars 2007 for begge bustadene.
Søknad kan sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

Gratis tannbehandling til grupper av eldre

Tannhelse Rogaland opplyser i eit skriv til eldrerådet at desse gruppene av eldre har krav på fri tannbehandling på offentleg tannklinikkk:

- **Eldre som bur på institusjon, sjukeheim, aldersheim, omsorgsbustad og sjukehus**
- **Eldre som bur heime og mottar heime-sjukepleie**
- **Eldre i pleie av pårørande**
(pleiebehoveet må vera attestert av lege)

Dersom du meiner at du har rett på gratis tannbehandling, kan du ta kontakt med fagansvarleg sjukepleiar Aud Larsen på tlf. **52 75 25 30** eller Bokn tannklinikkk, tlf. **52 75 25 80** (ope tirsdag og torsdag).



OPPTAK FOR BARNEHAGEÅRET 2007/2008



Hei!

Ta ein kikk på bileta frå oss i barnehagen. Her ser du noko av det me har fått vore med på. Alle er me enige i at me får mange spanande opplevingar og gode vener i barnehagen. Det held ikkje berre å tenkje det, du må oppleva det.

Frå august byrjar enkelte av barna på skulen og me håpar då på å få oss nokre nye vener. Hugs at du må senda søknaden før 1. mars 2007.

Me går i barnehagen to, tre (deler ein femdagars plass) eller fem dagar i veka. Det er ei opptaksnemnd som tar opptaket og dei tar omsyn til opptaksreglane som gjeld for oss.

Helsing oss på Bokn Bruse og Småttrollå

Ps: Søknadsskjema og vedtekter finn du på www.boknskule.no. Du kan også få søknadsskjema i barnehagen, på skulen, eller i servicetorget.



Førstehjelpskurs for småbarnsforeldre

Prosjektet "Kjekt på Bokn" og Bokn Røde Kors vil med dette tilby førstehjelpskurs for småbarnsforeldre.

Innhaldet vil bli vinkla mot førstehjelp på barn. Kurset er i seg sjølv gratis, men det vil vera mogeleg å kjøpa div. førstehjelps litteratur for sjølvkost.

Tid: 1.mars kl 1800 på allrommet, ca. 3 timar.

Påmelding til servicetorget innan 22. 03: 52 75 25 00

Spørsmål om kurset kan rettast til
Kjell Frode Lie på 90 78 37 97.



HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



Velkommen til god hodebunns massasje i HÅRSMIÅ.

Har fått inn nye eksklusive hårpleieprodukter.
Jeg blander til hårkurer som passer ditt hår.

Klipper hver dag etter behov.
Det er bare å ringe på dag eller kveldstid.

Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Hilsen mona

Helse - velvære

Kranie-sakral-teknikker (KST)
Fysikalsk helsemassasje
Blomstermedisin

Rimelege prisar

Ingunn Are

Havnavegen 4, Alvestadkroken - Tlf. 52 74 84 41

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

Ledige stillingar, Bokn Bufellesskap

Bokn Bufellesskap er eit langtids barneverntiltak (oppvekstheim) som sidan 1996 har arbeidd for at barn og unge som bur i tiltaket skal bu mest mogeleg som i ein heim med stabile og trygge vaksne. Tiltaket, som er ein ideell organisasjon, er godkjent av Bufetat. Bufellesskapet driv gard m.a. med hest og har to bustader med fire unge i kvar. Bokn ligg sentralt mellom Stavanger (60 min) og Haugesund (45 min).

Miljøterapeut, vikarar og engasjementstilling

Bokn Bufellesskap har ledig engasjement som miljøterapeut med 3-årig sosial/helsefagleg høgskuleutdanning. Personlege eigenskapar, interesser og erfaring vert sterkt vektlagt.

Bufellesskapet har og behov for vikarar. Det er ynskjeleg med 3-åring høgskuleutdanning, men ikkje eit krav i desse stillingane.

Me tilbyr deg ein krevjande arbeidsstad og ein gjeng spennande barn og ungdommar og medarbeidarar. Du vil få rettleiing og tilbod om kursdeltaking. Hovudoppgåva er å gje omsorg til dei unge, samt å leggje til rette miljøet dei møter. Som miljøterapeut har ein i dag ein arbeidsperiode kor ein

bur i huset 4 døgn, er 7 døgn borte, bur i huset 3 døgn, er 7 døgn borte, bur i huset 4 døgn osv. Løn etter tariff og pensjonsordning (KLP).

Informasjon om stillingane gir Ove Alvestad (ove.alvestad@bft.rogfk.no) eller Annett Semb Helvik (Annett Semb.Helvik@bft.rogfk.no) telefon 52 75 21 00.

Søknad med CV skal sendast til Bokn Bufellesskap, boks 30, 5561 Bokn eller på e-post snarast, men seinast innan 15.02.2007.

Vikar for medlevar

Bokn Bufellesskap har behov for vikar for medlevar (miljøterapeut) i periodar. Menn opp-fordrast til å søkje. Arbeidsperiodane til vanleg 4 døgn på/ 7 døgn av/ 3 døgn på/ 7 døgn av/ 4 døgn på osv. Som vikar går ein ikkje alltid i regelmessig turnus.

Informasjon om stillingane på tel. 52 75 21 00 eller e-post Ove.Alvestad@bft.rogfk.no.

Søknad kan sendast til Bokn Bufellesskap, boks 30, 5561 Bokn.

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinsalg
- Postfilial
- Bensin-Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk

coop
marked

Høyere avkastning med fond



Aksjefond er den spareformen som historisk sett gir best avkastning over tid.

Det finnes mange forskjellige aksjefond du kan velge mellom, avhengig av risiko.

Stikk innom oss i Bokn eller ta kontakt på telefon 02002, så finner vi den spareformen som passer for deg.

Alt på ett sted. I Bokn

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - **91 61 23 91**

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut



Arbeids- og velferdsforvaltninga

NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 80

Marita Ølund- tannlege

Stort forsidebilde:

Nye boknarar 2006, sjå også midtsidene. Irene Kro
med Elise Kro Birkeland var ikkje til stades.

Foto: Gro Sørensen



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for inn-
levering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året,
ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Eva Moi
May Jorunn Vatnaland
Johannes Nilssen

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 625,-
Halvsida kr. 375,-
Kvartside kr. 188,-
1/8 side kr. 125,-
Privatann. kr. 62,-
Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no



BOKN BIBLIOTEK

Opningstider:

Mandag 09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag 09.00 - 13.30
Onsdag 16.00 - 19.00
Torsdag 09.00 - 13.30

Sjølvlaga Ferrari

Jardar Havikbotn

Eirik Nedrebø hadde med seg ein svært oppsiktsvekkende køyredning på skulen 6. februar.

I samband med at 10. klassingen heldt eit 30 minuttars foredrag om korleis Formel 1-sporten har utvikla seg i etterkrigstida, tok han like godt med seg ein 3,5 m lang og 1,3 m brei Ferrari-modell som illustrasjon. Til samanlikning er ein original bil av denne typen 1 m lenger og 50 cm breiare.

girsystemet som den største utfordringa.

Ein ting er nok å tenka på og teikna korleis ting skal vera, men her har altså gutten m.a. sveist skjelettet i stål, sett i motor (5 hk slåmaskin), bygd opp karosseriform av armeringsjern, laga karosseri i glassfiber, lagt opp det elektriske, bygd luftinntakssystem til motoren, montert og fått lys, speedemeter, styring, fjøring, gir og bremse-system til å fungera. Og for ikkje å gløyma turtellar i rattet.



Eirik Nedrebø med sin sjølvlaga Ferrari.

Eirik fortel meg at modellen er i målestokk, noko som betyr at dei ulike komponentane står i forhold til kvarandre.

Det er imponerande at 15 åringen har laga bilen heilt sjølv. Ikkje eingong storebror Bjarne, som Bygdabladet har skriva om før og som i 2005 fekk stipend på kr. 50.000 frå talentfondet G9alt, har hjelpe til.

Bilen blei påbegynt for 1,5 år sidan, men er ikkje blitt jobba med heile tida.

Tenking

- Det har gått mykje tid i tenking, seier Eirik, som nemner

Han tok ein tur ned til Boknatun for å fiksa på noko saman med Egil Ognøy, og bilen gjekk som ei klokke.

Litt sponsa

Køyretøyet har innrissa Shell-logoar, utan at oljeselskapet er meir inn i bildet. Men Dekkmann i Haugesund har vore hjelpsame med dekkja og Bokn Plast med polyester og duk. - Kanskje eg burde kontakta Shell og fått litt bensin frå dei, smiler Eirik, som vil søka seg inn på Elektro ved Karmsund vgs. og bli elektrikar.

Tidlegare har Eirik laga ein plog og ein strømaskin til Bjarne sin minitraktor, med vekslande hell. No kan han vera mektig stolt av eit glimrande produkt.